



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Hordaland fylkeskommune
pb 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

14/376-2/K2-C50/EEI

Direkte innval:

56 52 70 61

Stad/Dato:

26.09.2014

Uttale kulturplan Hordaland fylkeskommune

Ulvik herad sin uttale til planen gjeld i høve til desse punkta:

Pkt.5.1 Endringar i busetnad og infrastruktur tiltak E. Dokumentasjon av landskapstypar og utval av viktige kulturhistoriske landskap i Hordaland.

*Pkt.5.5 Kulturminnevern og museum.16 Innsatsområde museumsloft. D.Evaluering av museumsreforma i Hordaland.
19 Innsatsområde Verdsarv.*

Nytt tiltak D. Verdsarv Finse. Teknisk- industrielle kulturminne langs Bergensbanen.

Jernbaner som verdsarv stad vert drøfta av ICOMOS v /Anthony Coulls i ein artikkel som mellom anna peikar på:

”Jernbane er å forstå som ein lineær transportfunksjon, resten er detaljar. Ein fundamental vurdering er at jernbaner først og fremst er sosio-tekniske system kor det er vanskeleg å skilje det sosiale frå det tekniske aspektet. Dette står i sterk kontrast til jernbane entusiastar sin» lokosentrisme».”

Dei har 4 kriteria for internasjonalt viktige jernbaner:

Kriteria 1. Kreative løysingar og framifrå ingeniørar

Kriteria 2. Influert av innovativ teknologi

Kriteria 3. Eineståande eller typisk eksempel

Kriteria 4. Døme på økonomisk eller sosial utvikling

Deira konklusjon er:

”Jernbaner er blant dei mest viktige industri - stader som er verdige nemninga verdsarv stader. Eit knippe av utvalde eineståande stader vil kunne vise fram den store påverknaden som jernbanen har bidrege, og på mange måtar held fram med å bidra til sosialt, økonomisk ,politisk, kulturelt og teknisk evolusjon, i kvart land på kloden.

Deira lange historie har produsert ein rik arv som kan jamstellast med andre aspekt av det moderne samfunnet.



E-post
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Fax
56527001

Bankkontonr.
3450 19 70001

Organisasjonsnr.
971 159 928

Framleis bruk er viktig slik at den noverande generasjonen kan få oppleve resultatene frå jernbanen si fortid.. Visse aspekt av deira arv står i fare for ein lite gjennomtenkt modernisering og fornying.

Som verdsarv kan det hjelpe å sikre ei framtid kor det ein oppnådde av fortida er godkjent og blir satt pris på som ein integrert del av den kontinuerlege evolusjonen av jernbanen inn i det neste hundreår.”

Ansvar: Hordaland fylkeskommune/kultur og idrettsavdelinga, Ulvik herad, Stiftinga Rallarmuseet, og Riksantikvaren

Partnerar: Norsk Jernbanemuseum, Jernbanelinjen, NSB

Tid: I planperioden

Dette er eit fagleg framlegg frå arbeidsgruppa som arbeidar med ein kulturminneplan for Ulvik herad. Teknisk-industrielle kulturminne er ein del av tematikken i planen. Vårt framlegg er sendt dagleg leiar og styret for Rallarmuseet Finse til uttale. Ordførar og rådmann er orientert om uttalen.

Den faglege vurderinga samt kart fylgjer som vedlegg til uttalen.

Fotodokumentasjon vert ettersendt.

Med von om positiv handsaming av denne viktige delen av vår kulturarv.

Med helsing



Espen Eide
kultursjef



Hordaland

E-post
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Fax
56527001

Bankkontonr.
3450 19 70001

Organisasjonsnr.
971 159 928